



Knut Audun Areklett
Areklettvegen 514
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1058 - 22/9494

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
23.11.2022

Melding om delegert vedtak - løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av landbruksbygg - gbnr 16/1

Viser til søknad motteke 23.10.22 og supplering av nabovarsel 21.11.22

Administrativt vedtak. Saknr: 127/2022

Tiltakshavar: Knut Audun Areklett

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

VEDTAK:

Med heimel i veglova §29-2 og plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrensa for kommunal veg for oppføring av landbruksbygg

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav b vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av landbruksbygg på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad, datert 23.08.22 med heimel i tbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Før det vert gjeve ferdigattest skal tiltaket målast inn og koordinatar sendast til kommunen.**
3. **Tiltaket skal ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest.**
4. **Tiltaket får tilkomst til offentleg kommunal veg via etablert lagerplass for utstyr. Det vert gjeve løyve til utvida bruk av avkørsle. Overvatn frå nytt tiltak må ikkje førast inn på kommunal veg.**

Grunngjeving: Søknad er i tråd med planformålet i Masfjorden kommuneplan 2018-2030. Vedr. søknad om dispensasjon til byggjegrense til veg finn ein at siktforholda langs vegen ikkje blir påverka negativt i særleg grad då tiltaket ligg i ein yttersving eller til hinder for naudsynt vedlikehald av kommunal veg.

Heimel: Veglova §29-2 og §§40-43, plan- og bygningslova §20-4 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegne føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.5	Dispensasjon frå plan, lov eller føresegn	1	6.200,-
10.3.1	Basisgebyr der tiltakshavar søker sjølv	1	5.300,-
	Totalt gebyr å betala		11.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av landbruksbygg med silo, totalt areal 136 m², på gnr. 16/1 på Areklett. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå byggjegrensa mot kommunal veg, som etter veglova er sett til 15 m. Det vert elles vist til søknad motteken 23.10.22 og supplert 21.11.22 med nabovarsel.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF området. Tiltaket er derfor innanfor planformålet.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrense som etter veglova er sett til 15 m frå senterlinje veg. Det er søkt dispensasjon med grunngjeving i at eksisterande siloar på bruket har dårlig stand på takkonstruksjon, slik at det kan bli til hinder for drift av silotalje i framtida. Den nye siloen vil og kunna brukast som lager for blautgjødsel. Eksisterande bygningar på bruket i dag ligg tettare på vegen enn det nye bygget, slik at om desse vert delvis avløyst av den nye bygninga, vil dette bli ei føremon for både drifta og trafikktryggleiken i området.

Landbruksfagleg uttale

Det er vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med Jordlova.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.


Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 23.08.22. På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 4 meter. Avstand til offentleg veg er planlagt til 8,45 meter frå senterlinje veg, slik som vist på kartutsnittet under.



Vatn og avløp (VA)

Tiltaket er ikkje omsøkt tilkoppa vatten eller avlaup. Ein forstår at om silo blir benytta til oppsamling av blautgjødsel, blir dette samla opp i tank, som alt er etablert på eigedommen.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Eigedommen grensa opp til offentleg veg og det er i dag etablert ein snuplass og planert eit areal i tilknyting til dette. Denne plassen er i dag nytta til lagring av utstyr. Tiltakset vil få avkøring frå denne plassen, slik at det er vurdert at denne bruken blir auka. Søknad om utvida bruk av avkørsle er behandla internt i kommunen og godkjent. Vatn frå tak eller anna må ikkje ledast på ein slik måte at dette kan koma inn på offentleg veg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Vurdering

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Ein av siloane til bruket ligg i dag med veggen heilt i vegkanten på den kommunale vegen og traktor står delvis i denne vegen ved lossing av for. Det vert vurdert at ved å gi dispensasjon vil gi ei føremon for drifta og betre trafikktryggleik om eksisterande silo, på sikt blir tatt ut av drift. Det omsøkte bygget med silo vil og liggja i ein yttersving og ikkje ta noko sikt langs vegen eller hindra vedlikehald av den kommunale vegen. Det vert derfor vurdert at dei samla fordelane er større enn ulempe ved å gi dispensasjon.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til oppføring av landbruksbygg og gjeve dispensasjon i forhold til byggjegrense til veg, jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Audun Areklett

Areklettvegen 514 5986

Hosteland